

**Til faste medlemmer av kontrollutvalet i Osterøy kommune, ordfører og revisor (Vestlandsrevisjon IKS)**

Kopi: Varamedlem, rådmann, økonomisjef, postmottak

Innkalling til møte i kontrollutvalet i Osterøy kommune**Møtedato:** 14.02.2023, kl. 12.00 – ca. 15.30**Møtestad:** Heradsstyresalen, kommunehuset**Sakliste:**

Saksnr.	Tittel	Vedlegg
01/23	Godkjenning av innkalling og sakliste	
02/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i kontrollutvalet 02.12.2022	1
03/23	Meldingar a. Budsjettvedtak kontrollutvalsarbeidet 2023 b. Årsmelding kontrollutvalssekretariatet 2022 c. Invitasjon til fagkonferanse for kontrollutval 31.5.-1.6.2023	2
04/23	Orientering om finansielle måltal og kommunal økonomiske berekraft – inkl. kort status om avslutning av årsrekneskapan	
05/23	Tilbakerapportering: Oppfølging av vedtak etter forenkla etterlevingskontroll 2021 på temaet betaling for langtidsopphald på sjukeheim (sak 18/22)	
06/23	Aktuelt i Osterøy kommune	
07/23	Orientering: revisjonsrapport interim 2022	3
08/23	Prosjektplan forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema «investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering»	4
09/23	Plan for eigarskapskontroll 2020-2024 – oppfølging/oppsummering	
10/23	Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 – oppfølging/oppsummering	
11/23	Osterøy kontrollutval årsmelding 2022	5
12/23	Møteprotokollar frå politiske utval	
13/22	Eventuelt	

Forfall må meldast til kontrollutvalssekretær på e-post: trude.bruket@regionnordhordland.no eller tlf.: 97019893. Det vert matsservering i møtet.

Meir informasjon om politisk møteplan og protokollar finn du på kommunen si heimeside og i innsynsløysinga: <http://innsyn.sing.no/osteroy/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>.

Med vennleg helsing

Kato Melchersen
*Leiar i kontrollutvalet*Trude Bruket
Kontrollutvalssekretær



Dato: 06.02.2023


Sakshandamar: Trude Bruket
e-post:
trude.bruket@regionnordhordland.no

OSTERØY KONTROLLUTVAL

SAKSFRAMLEGG TIL MØTET 14.02.2023

INNHALDSLISSE

01/23 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet.....	2
02/23 Godkjenning av protokoll frå førre møte.....	2
03/23 Meldingar.....	3
04/23 Orientering om finansielle måltal og kommunal økonomisk berekraft – inkl. kort status om avslutning av årsrekneskapen.....	4
05/23 Tilbakerapportering: Oppfølging av tilrådingar etter forenkla etterlevingskontroll 2021 med tema betaling for langtidsopphald på sjukeheim.....	4
06/23 Aktuelt i Osterøy kommune.....	5
07/23 Orientering: revisjonsrapport interim 2022.....	6
08/23 Prosjektplan forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema «investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering».....	6
09/23 Plan for eigarskapskontroll 2020-2024 – oppfølging/oppsummering.....	7
10/23 Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 – oppfølging/oppsummering.....	9
11/22 Osterøy kontrollutval årsmelding 2022.....	11
12/22 Møteprotokollar frå politiske utval.....	12
13/22 Eventuelt.....	12



01/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

SAKSOPPLYSNINGAR:

Innkalling og sakliste til møtet vert lagt fram til godkjenning.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 14.02.2023 er godkjent.

02/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE


Saksvedlegg: Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 02.12.2022

SAKSOPPLYSNINGAR:

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteprotokoll frå møtet 02.12.2022 er godkjent slik den ligg føre.



03/23 MELDINGAR

- a. Budsjettvedtak kontrollutvalsarbeidet 2023
- b. Årsrapport kontrollutvalssekretariatet 2022
- c. Invitasjon til fagkonferanse for kontrollutval 31.5.-1.6.2023

Saksvedlegg:

Årsrapport kontrollutvalssekretariatet 2022

SAKSOPPLYSINGAR


- a. Budsjett kontroll og revisjon 2023

Budsjett kontroll og revisjon Osterøy	Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg 2023	Vedteke budsjett kontroll og revisjon 2023
Revisjon	kr 1 192 000	kr 1 192 000
Sekretariat	kr 118 000	kr 118 000
Godtgjersle leiar, medlemmer, vara	kr 100 000	kr 100 000
Diverse møteutgifter	kr 10 000	kr 10 000
Kontigenter (FKT/faglit.)	kr 2 000	kr 2 000
Opplæring kontrollutvalet	kr 30 000	kr 30 000
Uføresett kontrollarbeid	kr 50 000	kr 50 000
Totalt	kr 1 502 000	kr 1 502 000

- b. Sjå vedlegg.
- c. [Fagkonferansen 2023, 31. mai -1. juni - Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](#)

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.



04/23 ORIENTERING OM FINANSIELLE MÅLTAL OG KOMMUNAL ØKONOMISK BEREKRAFT – INKL. KORT STATUS OM AVSLUTNING AV ÅRSREKNESKAPEN

SAKSOPPLYSNINGAR

Omgrepet kommunal økonomisk berekraft er betydeleg styrka i den nye kommunelova (kapittel 14). Kommunen skal rapportere på økonomisk handleevne over tid, og ha vedteke finansielle måltal.

Det vert anbefalt at kontrollutvalet har ei sak om dette temaet i eit møte før møtet der rekneskapen skal handsamast. Kontrollutvalet skal gi uttale til kommunestyret om både årsrekneskapen og årsmeldinga, jf. kommunelova § 14-3. I kontrollutvalet sin uttale kan ei vurdering av den kommunale økonomiske berekrafta (KØB) inngå.

Kontrollutvalet sin uttale om årsrekneskapen og årsmeldinga skal etter planen handsamast i kontrollutvalet sitt mai-møte. Både [NKRF](#) og [FKT](#) gav ut rettleiarar om temaet i 2021.

I tråd med anbefalingane i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin rettleiar er rådmannen invitert i møtet 14.02.2023 for å orientera om kommunen sine finansielle måltal og utviklinga av desse gjennom dei siste åra, og om mogleg forventa resultat i 2022.

I tillegg er rådmannen beden om å inkludere ein kort status om ferdigstilling av årsrekneskapen 2022.

Det er bede om ei munnleg orientering i møtet, støtta av ein skriftleg presentasjon.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen gitt i møtet til orientering.

05/23 TILBAKERAPPORTERING: OPPFØLGING AV TILRÅDINGAR ETTER FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL 2021 MED TEMA BETALING FOR LANGTIDSOPPHALD PÅ SJUKEHEIM


SAKSOPPLYSNINGAR

I sak 18/22 handsama kontrollutvalet forenkla etterlevingskontroll for økonomiåret 2021. Denne handla om vederlagsberekning for langtidsopphald på sjukeheim.

Attestasjonsuttalen frå revisor, datert 23. mai 2022 viste at revisor, basert på utførte kontrollhandlingar og innhenta bevis, ikkje var blitt merksame på tilhøve som gjev dei grunn til å tru at kommunen har vesentlege svakheiter kring rutinar/system for vederlagsberekning etter «Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester» kapittel 1.

Revisor har likevel peika på enkelte manglar eller svakheiter i si oppsummering, som var:

- **Skriftlege rutinar og prosedyrar for vederlagsberekning manglar** (Slike skriftlege dokument kan bl.a. bidra til å redusere sårbarheit ved eventuelt sjukdom/fråvær, personalskifte.)



- **Kommunen er til dels sårbar knytt til kompetanse, kunnskap og fråvær** (Relevante tiltak kan t.d. vera å etablere skriftlege rutinar og prosedyrar, kvalitetskontroll, delta i eit interkommunalt nettverk om vederlagsberekning.)

Etter § 3 i forskrift om kontrollutvalg og revisjon skal kontrollutvalet sjå til at revisor sine påpeikningar vert følgd opp.

Rådmannen er beden om å gi ei skriftleg tilbakerapportering om kva tiltak som er gjennomført for å betra arbeidet med vederlagsberekning for langtidsopphald på sjukeheim. Ho har sendt over følgande tekst frå økonomisjefen per e-post 6.2.2023:

Me har ikkje i dag eigne rutinar på området. Me har samla lenkjer til digital informasjon som forskrifter, regelverk og presentasjoner frå kurs. I tillegg har me samla skriftleg litteratur og informasjon på området. Det gjer det mindre sårbart og enklare for andre på økonomikontoret til å finne relevant informasjon. Det er eit omfattande regelverk og vanskeleg å laga eigne rutinar som omfattar alt. Me vil etter årsoppgjeret lage ein framgangsmåte med peikarar til informasjonen me treng og dessutan høyre med andre kommunar om dei har rutinar me kan byggje på. Frå 1. oktober fekk me overført ein medarbeidar frå planavdelinga i den ledige stillinga på økonomikontoret. Med tilstrekkeleg kapasitet på økonomikontoret blir det mogeleg å frigjere tid til at andre kan læra seg dette fagområdet gjennom kursing og opplæring.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

06/23 AKTUELT I OSTERØY KOMMUNE

SAKSOPPLYSINGAR

Rådmann og ordførar er bedne om å gje ei kort orientering om aktuelle saker i Osterøy kommune. Med omsyn til kontrollutvalet sitt mandat er det ynskjeleg med eit internkontroll- og systemfokus i denne bolken med generell orientering.

Leiar legg elles opp til ei lita drøfting i møtet om kva som er ynskjeleg og relevant for kontrollutvalet å få informasjon om under «Aktuelt i Osterøy,» og om denne saka er ynskja som fast sak. Ordførar er orientert om dette og invitert til å ta del i drøftinga.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



07/23 ORIENTERING: REVISJONSRAPPORT INTERIM 2022

Saksvedlegg: Interimsrapport_Osterøy_2022

SAKSOPPLYSINGAR

Vestlandsrevisjon IKS har gjennomført interimsrevisjon i Osterøy kommune og har gjennom dette utført testar og kontroll av rekneskapsdata. Interimsrapporten er vedlagt.

Interimsrevisjon er ein del av rekneskapsrevisjonen og vert gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som føresettt gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område. Interimsrapporten gjev ei oversikt over testar, funn og anbefalingar.

Revisor vil i møtet gje ei kort orientering om interimsrevisjonen.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek revisor si orientering om interimsrevisjonen til informasjon.

08/23 PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT MED TEMA «INVESTERINGSPROSJEKT; PROSJEKTERING, OPPFØLGING OG RAPPORTERING»

Saksvedlegg: Framlegg til prosjektplan_forvaltningsrevisjon_Investeringsprosjekt Osterøy

SAKSOPPLYSINGAR

Forvaltningsrevisor Ragnhild K. Høyland, Vestlandsrevisjon IKS, har sendt over framlegg til prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet *Investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering*, vedlagt.

Planen inneheld føremål, problemstillingar, revisjonskriterier og informasjon om metode og gjennomføring.

Forvaltningsrevisor Ragnhild K. Høyland presenterer planen i møtet.

Vidare vert det lagt opp til at kontrollutvalet skal drøfte prosjektplanen med føremål å godkjenne denne.

Bakgrunn

I førre møte, sak 54/22 handsama kontrollutvalet oppfølging av plan for forvaltningsrevisjon gjennom å bestille ein prosjektplan for eit nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt, og gjorde følgjande vedtak:

1. *Med bakgrunn i vedtaka i heradsstyresakene 105/20 og 107/22, kontrollutvalet si oppfølging av desse og drøftingane i møtet, ynskjer kontrollutvalet å bestille framlegg til prosjektplan for*



eit forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema «investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering» frå revisor Vestlandsrevisjon IKS.

- 2. Prosjektplanen, med forslag til problemstillingar, framdriftsplan og timeestimat, skal handsamast i første kontrollutvalsmøtet i 2023.*

I handsaminga av sak 54/22 gjorde kontrollutvalet det klart at det er ynskjeleg å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon med eit utviklande perspektiv. I drøftinga kom blant anna desse stikkorda om ynskt fokus fram:

- Kvalitetssikring
- Vedtaksoppfølging
- Rutinar og oppfølging av rutinar
- Kompetanse
- Bruk av konsulenttenester
- Prosjekteringsprosess fram mot offentleg innkjøpsprosess
- Reguleringar, søknad om tiltak
- Sjå på nokre konkrete, igangsette prosjekt
- Evaluering og læring
- Rapportering

I dette møtet skal kontrollutvalet drøfte og godkjenne prosjektplanen, vedlagt.

Forvaltningsrevisor Ragnhild K. Høyland presenterer planen i møtet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet har handsama prosjektplanen «*Investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering*» og godkjenner den slik den ligg føre frå Vestlandsrevisjon IKS.
2. Kontrollutvalet ynskjer ferdigstilling og handsaming av prosjektrapporten innan utgangen av september 2023.
3. Kontrollutvalet ber om å få korte statusrapportar i komande møte.

09/23 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2024 – OPPFØLGING/OPPSUMMERING


Digitalt vedlegg: [Dokument 21/5006 - Eigarskapsmelding 2021 - Osterøy kommune \(sing.no\)](#)

SAKSOPPLYSINGAR

Kontrollutvalet kan drøfta om det er ynskeleg å setja i gong ein eigarskapskontroll, og kva tema ein slik kontroll i så fall skal ha. Dette må sjåast i samanheng med neste sak, oppfølging av plan for forvaltningsrevisjon, då kun ein type revisjon/kontroll kan setjast i gong i inneverande periode.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet er pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine



eigarskap (kommunelova § 23-2-d). I høve § 23-4 i kommunelova skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll i kvar periode.

Plan for eigarskapskontroll vart handsama med følgjande vedtak i heradsstyret i sak 104/20:

Kontrollutvalet innstiller til plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 med følgjande prioriterte område:

1. *Osterøy Aktiv AS*
2. *IKT Nordhordland Kommunalt Oppgåvefelleskap*

Uprioritert liste:

- *Eigarstyring i Osterøy kommune*

Kontrollutvalet innstiller til at heradsstyret delgerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommunelova § 23-4.

Siste eigarskapskontroll som er gjennomført i Osterøy er basert på prosjektplan frå mai 2019, og altså bestilt i førre periode. Rapporten frå denne eigarskapskontrollen av Osterøy utvikling vart handsama av kontrollutvalet og heradsstyret i inneverande periode, heradsstyresak 103/20 den 24.11.2020.

Sekretariatet har spurd revisor om det er midlar til å setja i gong ein eigarskapskontroll i inneverande periode, og har per e-post 17.1.2023 fått følgjande svar:

Osterøy kommune har tilgjengelege timar til å gjennomføre eit prosjekt til. Timane kan nyttast til eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon. Sitjande utval rekk truleg ikkje å handsame dette prosjektet, men det kan gjennomførast som eit overlappende prosjekt til neste utval.


Sjå elles kommunen si eigarskapsmelding, vedteke i heradsstyret 7.4.2021, sak 032/21. Denne kan vera eit godt grunnlag for kontrollutvalet si drøfting om det er behov for/ynskeleg med ein eigarskapskontroll no.

I høve kommunelova er det er ingen krav om at eigarskapskontrollar må gjennomførast kvar periode.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Alternativ 1

1. Kontrollutvalet har følgd opp plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024, vedteke i heradsstyret i sak 104/20.
2. Kontrollutvalet ynskjer å bestille framlegg til prosjektplan for ein eigarskapskontroll med tema hos Vestlandsrevisjon IKS
3. Prosjektplanen, med forslag til problemstillingar, framdriftsplan og timeestimat, skal handsamast av kontrollutvalet innan september 2023.
4. Prosjektet kjem til å gå inn i neste kommunestyreperiode, og vil verta slutthandsama av nytt kontrollutval og nytt heradsstyre.



Alternativ 2

1. Kontrollutvalet har drøfta plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024, vedteke i heradstyret i sak 104/20.
2. Utvalet har handsama ein eigarskapskontroll i inneverande periode, av Osterøy utvikling, som vart handsama av heradsstyret i sak 103/20 den 24.11.2020. Denne vart bestilt i førre periode.
3. Kontrollutvalet prioriterer ikkje å setje i gong ein eigarskapskontroll i inneverande periode, då forvaltningsrevisjon har vorte prioritert høgare.

10/23 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2024 – OPPFØLGING/OPPSUMMERING

SAKSOPPLYSNINGAR

Kontrollutvalet er pålagt å føre kontroll med forvaltninga, jamfør kommunelova § 23-2 og 23-3.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter kommunesstyret er konstituert, utarbeida ein plan over kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar innan.

Heradsstyret har gjort to vedtak om plan for forvaltningsrevisjon i inneverande periode:

I sak 105/20 gjorde heradsstyret følgande vedtak:


Heradsstyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 med følgjande prioriterte område:

1. *Helse og omsorg; Kriteriar for vedtak og total vedtaksmengd og -utforming samanlikna med samanliknbare kommunar.*
2. *Investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering*
3. *Politiske vedtak; vedtaksutforming og oppfølging*
4. *Barnevern; 1. tidleg innsats og førebyggjande arbeid. 2. Etterleving av forvaltningsreglar i undersøkingssaker.*
5. *Kvalitet i skulefritidsordninga*
6. *Varsling, etikk og habilitet*

Uprioriterte område:

- *Styringssystem for eigedomsforvaltning*
- *Internkontrollsystem*
- *Styringssystem for vatn- og avløp*
- *IKT Nordhordland*

Heradsstyret delgerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommunelova § 23-3."



I sak 107/21 gjorde heradsstyret følgende vedtak:

Heradsstyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for 2020-2024 som vedteke i 2020 med følgende endringar:

1. *Helse og omsorg; kriteriar for vedtak og total vedtaksmengd og -utforming samanlikna med samanliknbare kommunar*
2. *Barnevern; saksbehandling etter lov og forskrift*
3. *Investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering*
4. *Politiske vedtak; vedtaksutforming og oppfølging*
5. *Kvalitet i skulefritidsordninga*
6. *Varsling, etikk og habilitet*

Heradsstyret ba om at «Om råd, vert 1. (Helse og omsorg) og 2. prioritet (Barnevern) gjennomført parallelt.»

I 2022 har kontrollutvalet fulgt opp plan for forvaltningsrevisjon gjennom ei rekkje saker, sjå nærare omtale av dette i kontrollutvalet si årsmelding, sak 11/23.

Ved utgangen av inneverande periode vil kontrollutvalet ha gjennomført desse forvaltningsrevisjonane:

- Tema 1: ressurskrevjande helse- og omsorgstenester
- Tema 2/3: investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering.

Revisor har per e-post 17.1.2023 svara ut sekretariatet sitt spørsmål om rammer for revisjonsarbeid i 2023:

Osterøy kommune har tilgjengelege timar til å gjennomføre eit prosjekt til. Timane kan nyttast til eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon. Sitjande utval rekk truleg ikkje å handsame dette prosjektet, men det kan gjennomførast som eit overlappande prosjekt til neste utval.

Kontrollutvalet kan drøfta om det er ynskeleg å setja i gong ein forvaltningsrevisjon og kva tema ein slik kontroll i så fall skal ha. Dette må sjåast i samanheng med førre sak, oppfølging av plan for eigarskapskontroll, då kun ein type revisjon/kontroll kan setjast i gong i inneverande periode.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Alternativ 1

1. Kontrollutvalet har oppsummert plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024, vedteke i heradsstyret i sak 105/20 og oppdatert i heradsstyret i sak 107/21.
2. Kontrollutvalet har bestilt to forvaltningsrevisjonar i inneverande periode, knytt til prioriterte område 1 og 3 i plan for forvaltningsrevisjon. Ved utgangen av perioden vil då to forvaltningsrevisjonar ha blitt gjennomført. Dette samsvarar med budsjett for forvaltningsrevisjon for inneverande periode.



3. Kontrollutvalet prioriterer ikkje å setje i gong ein tredje forvaltningsrevisjon i inneverande periode.

Alternativ 2

1. Kontrollutvalet har følgd opp plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024, vedteke i heradsstyret i sake 105/20 og oppdatert i heradsstyret i sak 107/21.
2. Kontrollutvalet har bestilt to forvaltningsrevisjonar i inneverande periode, knytt til prioriterte område 1 og 3 i plan for forvaltningsrevisjon. Ved utgangen av perioden vil då to forvaltningsrevisjonar ha blitt gjennomført.
3. Kontrollutvalet ynskjer å setje i gong ein tredje forvaltningsrevisjon i inneverande periode. Prosjektet kjem til å gå inn i neste kommunestyreperiode, og vil verta slutthandsama av nytt kontrollutval og nytt heradsstyre.
4. Kontrollutvalet vil drøfte tema med føremål om å bestille framlegg til prosjektplan hos Vestlandsrevisjon IKS i neste møte.
5. Prosjektplanen, med forslag til problemstillingar, framdriftsplan og timeestimat, skal handsamast i kontrollutvalet innan utgangen av oktober 2023.

11/22 OSTERØY KONTROLLUTVAL ÅRSMELDING 2022

Saksvedlegg: Framlegg til årsmelding for Osterøy kontrollutval 2022

SAKSOPPLYSINGAR

Kontrollutvalet skal rapportere resultatane av sitt arbeid til kommunestyret, jf. kommuneloven § 23-5.


Sekretariatet har utarbeida framlegg til årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2022.

Årsmeldinga er eit supplement til protokollane frå møta, som er den løpande rapporteringa til kommunestyret. Den vedtekte årsmeldinga skal gå som ein eigen rapport til kommunestyret for å synleggjere arbeidet til kontrollutvalet i året som er gått.

Heradsstyret er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar. Framlegging av kontrollutvalet si årsmelding til heradsstyret er eit godt høve til å setje merksemd på kontrollutvalet si rolle og sitt mandat og nokre av sakene utvalet har handsama i 2022. Sekretariatet anbefalar difor leiar å be ordførar om å få gje ei innleiing til handsaminga av årsmeldinga i heradsstyret.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2022 slik den ligg føre. Sekretariatet sender årsmeldinga til kommunestyret til orientering.



12/22 MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

SAKSOPPLYSINGAR

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen. Kontrollutvalsmedlemmene kan i dette faste sakspunktet orientere kvarandre om politiske saker som er relevante for utvalsmedlemmene å kjenne til.

Møteplan og protokollar frå politiske møter kan ein finne på kommunen sin heimeside og i innsynsløysinga: kommunen: [Osterøy kommune - Møteplan, råd og utval \(osteroy.kommune.no\)](https://osteroy.kommune.no)

Viser elles til følgjande relevante saker frå heradsstyret:


- Budsjett 2023 – Økonomiplan 2023-2026 [Dokument 22/27256 - Budsjett 2023 - økonomiplan 2023-2026 - Osterøy kommune \(sing.no\)](#)
- Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid barnevern [Dokument 22/24841 - Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for Osterøy, Vaksdal og Modalen barnevern - Osterøy kommune \(sing.no\)](#)
- Risiko og sårbaranalyse [Dokument 22/25182 - Vedtak av Heilskapleg risiko- og sårbaranalyse for Osterøy kommune 2022 - Osterøy kommune \(sing.no\)](#)

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

13/22 EVENTUELT

Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.



OSTERØY KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Møtedato: 02.12.2022, kl. 12.00 – 13.55

Stad: Heradsstyresalen, Osterøy rådhus

Tilstades: Margrethe Riple Ådland (nestleiar), Ann Christin Reigstad (medlem), Jon Daltveit (medlem), Ole Johannes Mjøs (medlem) og John Tysse (vara for Kato Melchersen)

Forfall: Kato Melchersen (leiar)

Andre:

Frå revisjonen: Forvaltningsrevisor, Ragnhild K. Høyland, Vestlandsrevisjon IKS

Sekretær: Trude Bruket, Region Nordhordland IKS

INNHALDSLISTE

52/22 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet	1
53/22 Meldingssaker	1
54/22 Plan for forvaltningsrevisjon: bestille prosjektplan ny forvaltningsrevisjon	2
55/22 Måloppnåing i kontrollutvalet 2022 – drøfting av ynskt innhald i årsrapport.	3
56/22 Møteplan 2023.....	3

52/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 02.12.2022 er godkjent.

HANDSAMING I MØTET

Samrøystes

VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 02.12.2022 er godkjent.

53/22 MELDINGSSAKER

Møteprotokollen frå førre møte vart godkjent i førre møte, i sak 51/22.



54/22 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON: BESTILLE PROSJEKTPLAN NY FORVALTNINGSREVISJON

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Med bakgrunn i vedtaka i heradsstyresakene 105/20 og 107/22, kontrollutvalet si oppfølging av desse og drøftingane i møtet, ynskjer kontrollutvalet å bestille framlegg til prosjektplan for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema frå revisor Vestlandsrevisjon IKS.
2. Prosjektplanen, med forslag til problemstillingar, framdriftsplan og timeestimat, skal handsamast i første kontrollutvalsmøtet i 2023.

HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta tema for forvaltningsrevisjon.

Forvaltningsrevisor Ragnhild Høyland, Vestlandsrevisjon IKS, rådgav kontrollutvalet i drøftinga.

Tema 2 frå opprinneleg vedteken plan for forvaltningsrevisjon (sak 105/22): *Investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering* peika seg ut som det temaet kontrollutvalet ynskjer å prioritera.

Revisor viste til to moglege hovudretningar: ein utviklande retning som ser på rutinar osv., og ein «granskande» retning, som ser på nokre prosjekt som har vore utfordringar i.

Kontrollutvalet ynskjer å få ein forvaltningsrevisjon med eit utviklande perspektiv, og drøfta moment som kan inngå i ein slik revisjon.

Nokre stikkord frå drøftinga:

- Kvalitetssikring
- Vedtaksoppfølging
- Rutinar og oppfølging av rutinar
- Kompetanse
- Bruk av konsulenttenester
- Prosjekteringsprosess fram mot offentleg innkjøpsprosess
- Reguleringar, søknad om tiltak
- Sjå på nokre konkrete, igangsette prosjekt
- Evaluering og læring
- Rapportering

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med følgande endring: *Investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering* vart sett inn bak ordet «tema» i første ledd i vedtaket.

VEDTAK

1. Med bakgrunn i vedtaka i heradsstyresakene 105/20 og 107/22, kontrollutvalet si oppfølging av desse og drøftingane i møtet, ynskjer kontrollutvalet å bestille framlegg til prosjektplan for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema «*investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering*» frå revisor Vestlandsrevisjon IKS.
2. Prosjektplanen, med forslag til problemstillingar, framdriftsplan og timeestimat, skal handsamast i første kontrollutvalsmøtet i 2023.



55/22 MÅLOPPNÅING I KONTROLLUTVALET 2022 – DRØFTING AV YNSKT INNHALD I ÅRSRAPPORT.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Sekretariatet utarbeider framlegg til årsrapport for Osterøy kontrollutval for 2022 med bakgrunn i innspel frå kontrollutvalet.

HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta saka.

Kontrollutvalet føreslo samrøystes å ta inn eit nytt punkt 1 i vedtaket:

Kontrollutvalet ynskjer ei konkretiseing av kva som er meint i kommentaren som er protokollført i heradsstyresak 041/22 «Godkjenning av møtebok.»

Dette vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet ynskjer ei konkretiseing av kva som er meint i kommentaren som er protokollført i heradsstyresak 041/22 «Godkjenning av møtebok.»
2. Sekretariatet utarbeider framlegg til årsrapport for Osterøy kontrollutval for 2022 med bakgrunn i innspel frå kontrollutvalet.

56/22 MØTEPLAN 2023

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek møteplanen for 2023 slik den ligg føre. Kontrollutvalsleiar får fullmakt til å endre dato for møte ved behov.

HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta møteplanen.


Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek møteplanen for 2023 slik den ligg føre. Kontrollutvalsleiar får fullmakt til å endre dato for møte ved behov.

Årsmelding 2022

Sekretariatstenester for kontrollutvala i kommunane
Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Voss



Innhald

1	Innleiing	3
2	Rammene for kontrollutvalssekretariatet sitt arbeid.....	3
2.1	Sekretariatet si rolle.....	4
3	Organisering og økonomi	5
3.1	Rekneskap sekretariatstenesta 2022	5
3.2	Tilsette med oppgåver i kontrollutvalssekretariatet i 2022.....	6
3.3	Medlemskap i kompetanseorganisasjonar	6
4	Aktivitet og oppfølging i 2022	7
4.1	Møteverksemd, saker og tidsbruk.....	7
4.2	Årshjul	9
4.3	Møteplan	9
4.4	Om sekretariatet sitt arbeid.....	11
4.5	Sekretariatet sine oppgåver	12
4.5.1	Møteførebuing.....	12
4.5.2	Koordinering med revisjonen	12
4.5.3	Bestillingar frå administrasjonen	12
4.5.4	Handsaming av henvendingar og uplanlagde saker	12
4.5.5	Evaluering og utviklingsarbeid.....	12
4.5.6	Kurs og fagleg samling	12
4.5.7	Publisering av innkalling, sakspapir og protokoll	13
5	Avsluttande kommentarar.....	13

1 Innleiing


Region Nordhordland IKS (RNI) tek i vare sekretariatsoppgåvene for kontrollutvala i seks av eigarkommunane; Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy. I inneverande valperiode har RNI også avtale med Voss herad om sekretariatsfunksjonen for Voss kontrollutval etter ein tilbodskonkurranse.

Kontrollutvalet er eit lovpålagt utval for alle kommunar. Kontrollutvalssekretariatet sitt arbeid er knytt til førearbeid, gjennomføring og etterarbeid i samband med møte i kontrollutvala.

2 Rammene for kontrollutvalssekretariatet sitt arbeid

Kontrollutvalet si verksemd, herunder sekretariatet sine oppgåver, er definert kapittel 23 i kommunelova, samt i forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet skal utføre ein del av kommunen sin eigenkontroll gjennom å føre løpande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. I tillegg er det kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.



2.1 Sekretariatet si rolle

Sekretariatet skal vere uavhengig i høve kommunen sin administrasjon og kommunen sin revisor. Oppgåva til sekretariatet er å administrere og legge til rette for at kontrollutvala i kommunane får utført sine oppgåver. Sekretariatet gjer dette mellom anna gjennom sakshandsaming, saksutgreiing, rådgjeving, koordinering og tilrettelegging for gjennomføring av møte.

Sekretariatet er slik sett kontrollutvalet sin administrasjon og har som hovudoppgåve å sjå til at dei sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg og objektivt utgreia, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk. Sekretariatet er direkte underlagt kontrollutvalet.

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 23-7 handlar om krava til sekretariatet for kontrollutvalet:

Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstiller utvalgets behov.

Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.

Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon og av den eller dem som utfører revisjon for kommunen eller fylkeskommunen.

Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til

- a. ansatte i kommunen eller fylkeskommunen som har andre arbeidsoppgaver enn å være sekretær for kontrollutvalget*
- b. den som utfører revisjon for den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen*
- c. medlemmer av kontrollutvalget, kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen.*

Den som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalget, er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir.

Kommunestyret og fylkestinget velger selv sekretariat for kontrollutvalget etter innstilling fra kontrollutvalget.

I forskrift om kontrollutval og revisjon beskriv § 7 sekretariatet sine oppgåver:

Sekretariatet skal forberede sakene for kontrollutvalget og skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet. Sekretariatet skal også påse at kontrollutvalgets vedtak blir iverksatt.

3 Organisering og økonomi

Kontrollutvalssekretariat kan organiserast på ulike måtar. I Nordhordland har kommunane (med unntak av Gulen og Vaksdal) sidan ordninga med uavhengig sekretariat starta i 2005, vald å løyse oppgåva gjennom RNI. Dette er ei av fleire oppgåver RNI utfører for eigarkommunane.

Sekretariatsoppgåvene har til og med 2022, utgjort om lag 0,6 årsverk til saman for dei sju kommunane, og kostnadsfordelinga følgjer ein avtale basert på ein fordelingsnøkkel.

Arbeidsmengda i kontrollutvala har auka jamt etter sekretariatordninga vart innført,¹ og i dei seinare åra har det føregått ei profesjonalisering innafor sekretariata.² Det har elles vore ei utvikling gjennom dei siste åra at fleire komplekse saker har kravd meir utgreiingsarbeid av sekretariatet.

På bakgrunn av auka arbeidsmengd, og skjerpa krav til drifta, vert det gjort ei justering i 2023 som legg opp til at sekretariatene krev ca. eitt fullt årsverk, i hovudsak fordelt på to tilsette.³

3.1 Rekneskap sekretariatenesta 2022

Tabell 1 viser kostnadsfordeling for eigarkommunane i RNI

Kommune	Rekneskap totalt 2022	Fast del 2022	Etter folketal	Folketal 01.01.2022
4629 Modalen	kr 61 759	kr 60 000	kr 2 367	kr 378
4630 Osterøy	kr 97 832	kr 60 000	kr 50 911	kr 8 131
4631 Alver	kr 197 691	kr 60 000	kr 185 291	kr 29 593
4632 Austrheim	kr 73 442	kr 60 000	kr 18 089	kr 2 889
4633 Fedje	kr 62 336	kr 60 000	kr 3 143	kr 502
4634 Masfjorden	kr 67 579	kr 60 000	kr 10 200	kr 1 629
Totalsum	kr 560 639	kr 360 000	kr 270 000	kr 43 122

¹ Jamfør blant anna Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin organisasjonsdatabase 2020/2021, sluttrapport 2021.

² I 2014 gjennomførte Deloitte ei evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat der dei tilrådde tydelegare nasjonale føringar som konkretiserer innhaldet i sekretariatet sine oppgåver. Etter dette er det kome til fleire lovkrav og fleire rettleiarar knytt til kontrollutvala og sekretariata sitt arbeid og drift.

³ I andre sekretariat er det vanleg at ein tilsett følgjer opp 4-6 kontrollutval på ei fulltidstilling (for kommunar på tilsvarende storleik som dei i RNI sitt område).

Merknader til rekneskopen:

1. I 2022 vart Alver kontrollutval fakturert kr. 50 000,- ekstra for ekstra arbeid knytt til ei granskingssak.
2. Voss herad vart i tillegg fakturert kr. 236 685,- for kontrollutvalssekretariat i 2022. Avtalen er timebasert.

Den totale inntekta RNI hadde knytt til kontrollutvalssekretariatsarbeid var difor **kr. 847 324,-** i 2022.

3.2 Tilsette med oppgåver i kontrollutvalssekretariatet i 2022

Tonje Husum Aarland, som har hatt hovudansvar for å følgje opp sekretariatsoppgåvene gjennom fleire år, hadde siste arbeidsdag i RNI 18.02.2022. Trude Bruket vart tilsett i november 2021 og tok over hovudansvar for sekretariatsoppgåvene for alle kommunane frå januar 2022. I juni 2022 vart Torbjørg Grøttveit Gjerstad tilsett. Frå hausten 2022 tok ho over som fast sekretær for tre av utvala. Fordelinga etter dette har vore slik:

Kontrollutvalssekretær for Alver, Fedje, Osterøy og Voss har vore Trude Bruket.

Kontrollutvalssekretær for Austrheim, Masfjorden og Modalen har frå hausten 2022 vore Torbjørg Grøttveit Gjerstad. (Trude Bruket hadde ansvaret fram til hausten 2022.)

I tillegg gjev Bent Gunnar Næss noko administrativ støtte og råd der det er naudsynt.

Dei tilsette deltek jamleg på aktuelle kurs og konferansar.

3.3 Medlemskap i kompetanseorganisasjonar

Sekretariatet er medlem av NKRF (ein fagleg interesseorganisasjon og eit kompetanseorgan for kontroll og revisjon av kommunal/offentleg verksemd) og frå slutten av 2022 også i Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Begge organisasjonane driv eit utstrekt kompetanseutviklingsarbeid, delvis i fellesskap. Begge har utvikla ei rekkje rettleiarar for sekretariatet og kontrollutvalet sitt arbeid, og tilbyr konferansar, fagsamlingar og kurs.

4 Aktivitet og oppfølging i 2022

Sekretariatet har kontakt med kvar enkelt kontrollutvalsleiarar før og etter møter for å sikre eigarskap og god dialog kring sakslister og gjennomføring av kontrollutvalsmøte.

For informasjon om kva saker kvart enkelt kontrollutval handsama i 2022 viser me vidare til kontrollutvala sine årsmeldingar.

4.1 Møteverksemd, saker og tidsbruk

Tabell 2 viser ei oversikt over tal møte og saker i kontrollutvala i løpet av 2022, 2021 og 2020:

Årstal – tal møte – tal saker	Alver	Austrheim	Fedje	Masfjorden	Modalen	Osterøy	Voss	Totalt
2022 - tal møte	9*	5	4	5	5	5	5	38
2022 - tal saker totalt	82	62	59	58	63	56	68	448
2022 - tal saker (eks. formalia, faste saker mm)	51	32	36	28	33	29	41	250
2021 - tal møte	6	5	4	5	4	5	5	34
2021 - tal saker**	68	53	46	54	44	57	51	373
2020 - tal møte	7	5	5	5	4	6	7	39
2020 - tal saker**	85	53	50	51	50	68	68	425

Merknader:

*Alver kontrollutval sette opp tre ekstra møte hausten 2022 på grunn av granskingsaka og to andre bestillingar frå kommunestyret.

**Merk at det for 2020 og 2021 kun er tal for saker inklusive formaliasaker og faste meldings- og orienteringssaker. For dei fleste utvala er det normalt 6 slike faste saker i kvart møte (5 i Alver).

Tabell 3 gir oversikt over rekna timeforbruk i 2022, 2021 og 2020:

Oversikt timebruk totalt	Alver	Austrheim	Fedje	Masfjorden	Modalen	Osterøy	Voss	Felles planlegging*	Totalt
2022 - timar	348	150	90	124	111	112	202	519	1656
2022 - timar (inkl. fellestid)	422	224	164	198	185	186	276	0	1655
2022 - % (eks. fellestid)	21,0 %	9,0 %	5,4 %	7,5 %	6,7 %	6,8 %	31,3 %	31,3 %	100,0 %
2021 - timar	202	73	75	70	41	74	121	373	842
2021 - %	27 %	11 %	12 %	11 %	8 %	12 %	17 %		100 %
2020 - timar	207	94	93	103	80	123	217	326	1243
2020 - %	22	10	10	11	9	13	24		100


Merknader:

*Timar brukt til felles planlegging, kurs, administrativt, m.m. som gjeldt alle kontrollutvala. Fordelast likt på alle sju.

** 100% av total ressurs, som er rekna til 0,6 årsverk. Timetalet oversteig denne ressursen i 2022 og 2020.

4.2 Årshjul

Figur 1 viser årshjulet for sekretariatet si oppfølging av kontrollutvalsarbeidet. Sakene vert tilpassa i dialog med kontrollutvalet. Årshjulet vart oppdatert i januar 2022.



4.3 Møteplan

Sekretariatet utarbeider framlegg til møteplan med ein årsplan der alle dei lovpålagde og planlagde sakene er lagt inn. Denne vert vidare brukt som hugseliste, og saker som dukkar opp gjennom året vert lagt til etter kvart.

Leiar avgjer kva saker som skal på kvart enkelt møte, men fleire av dei faste sakene kjem på faste møter gjennom året.

Tabell 4 viser eksempel på ein slik møteplan/årsplan for 2022:

2. feb.	Rapport/orientering om interimrevisjon 2021 Rapport eigarskapskontroll Status for årsrekneskapen 2021 – orientering Plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024 – vidare prosess/bestille prosjektplan Årsmelding kontrollutvalet Orientering om oppvekst og kultur – organisering, internkontroll og utviklingsprosjekt Årsmelding kontrollutvalssekretariatet - orienteringssak Budsjetvedtak kontrollutvalsarbeidet - orientering Kontrollutvalet årsplan/møteplan
27. april	Årsrekneskap og årsmelding – Uttale frå kontrollutvalet-(utsett) Rekneskap for kontrollutvalsarbeidet 2021 Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet 2023 Oppfølging av evaluering med drøfting
1. juni	Utsett: Årsrekneskap og årsmelding – Uttale frå kontrollutvalet Forenkla etterlevingskontroll med økonomirådet 2021 Handsame bestilling forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk innan helse- og omsorg Orientering om eventuelle kommande eksterne tilsynsrapportar Oppdatere møteplan for hausten ved behov
21. sep.	Oppfølging av evaluering med drøfting saman med ordførar og kommunedirektør Prosjektplan: forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk innan helse- og omsorg Overordna revisjonsstrategi 2022 Revisor sin uavhengighet Handtering av innkomne saker (henvendingar) – rettleiar og drøfting Oppvekst og kultur – oppfølging med meir spissa orientering Orientering om tiltak som er gjort etter tilrådingar i forvaltningsrevisjon PPT og spesialundervisning frå februar 2020 Orientering om Statsforvaltaren sin rapport om spesialundervisning/dokumentettersyn. Orientering om budsjettprosess – med fokus på tiltak som er gjort for å betra budsjettarbeidet (i høve årsmelding/orientering om årsrekneskapen 2021) Gjennomføring av møte i kontrollutvalet – fysiske møte, fjernmøte eller hybridmøte jf. reglement.
30. nov.	Statusrapportering: forvaltningsrevisjonsprosjekt Status om oppfølging av tilrådingane i «Rapport eigarskapskontroll» Orientering om oppfølging av tilrådingar etter etterlevingskontroll med tema sjukelønsrefusjonar 2021 Møteplan/årsplan for 2023 Rekneskap: Oppfølging av punkt i revisjonsrapport Orientering om Statsforvaltaren sin rapport om spesialundervisning/dokumentettersyn. Orientering om aktuelle kurs

Årsplan 2022 for Austrheim kontrollutval

I tillegg handsamar kontrollutvalet meldingssaker, får orienteringar om aktuelle tema i kommunen frå ordførar og kommunedirektør, orienterer kvarandre om aktuelle saker frå kommunestyret og andre politiske utval i så godt som alle møte.

4.4 Om sekretariatet sitt arbeid

Det er i hovudsak kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon som legg føringar for arbeidet til kontrollutvalet, og dermed sekretariatet. [Kontrollutvalsboka](#), utgitt av Kommunal- og distriktsdepartementet, syner godt arbeidet som ligg til kontrollutvalet og sekretariatet.

Dei faste sakene gjennom eit år omfattar å lage framlegg til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen, å halda seg løpande orientert om rekneskapsrevisjon og økonomiforvaltninga, samt å gje uttale til årsrekneskapan og årsmeldinga før kommunestyret handsamar dette, bestille og følge opp forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar, innstille til val av revisor og revisjonsordning (herunder gjennomføre innkjøpsprosess for dei kommunane som kjøper revisjonstenester i marknaden), og sjå til at revisjonen gjer den jobben dei er sett til. Kontrollutvalet skal også orientere seg om tilsyn i regi av andre statlege mynde.

Ansvaret til kontrollutvalet følger av kommunelova §23-2 første ledd:

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) *kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) *det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
- c) *det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i*
- d) *det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*
- e) *vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp»*

Gjennom året kjem det også ein del saker og innspel på sekretariatet sitt bord, som sekretariatet må gjere ei fagleg vurdering av om er relevante for kontrollutvalet. I tillegg kan det vere innkjøpsprosessar i regi av kontrollutvala (som til dømes revisjonstenester i Alver eller kjøp av juridiske tenester for mindre undersøkingar). Dette arbeidet kan tidvis vere krevjande og omfattande.

4.5 Sekretariatet sine oppgåver

4.5.1 Møteførebuing

Sekretariatet førebur møta og lagar innkalling og saksutgreiingar, er med som sekretær og rådgjevar til kontrollutvalet i gjennomføringa av møta og fører protokoll. I etterkant av møta sørgjer sekretariatet for at kontrollutvalet sin protokoll vert distribuert og at vedtak vert følgt opp. Sekretariatet gjennomfører også praktisk tilrettelegging av kontrollutvalsmøta, som bestilling av møterom og bevertning.

4.5.2 Koordinering med revisjonen

Sekretariatet koordinerer med revisor med omsyn til deira deltaking i møte. Rekneskapsrevisor og/eller forvaltningsrevisor deltek i så godt som alle møte. Dei legg til dømes fram rapportar som er knytt til dei aktuelle sakene som vert handsama i utvalet, eller er bedne om å rådgje og delta i bestillingsdialogar med kontrollutvalet. I tillegg legg dei fram formaliasaker som skal gje kontrollutvalet høve til å sjå til at revisor gjer jobben sin og at kommunen vert forsvarleg revidert og kontrollert.

4.5.3 Bestillingar frå administrasjonen

Sekretariatet bestiller også orienteringar hos kommunedirektøren til dei fleste møta. Dette er viktig for at kontrollutvalet skal få tilgang til informasjon om den kommunale drifta som er naudsynt for at dei skal kunne utføre rolla si.

4.5.4 Handsaming av henvendingar og uplanlagde saker

Ut over dei faste sakene som er nemnd i kommunelova og forskrifta, kan kontrollutvalet handsame andre kontroll saker. I kontrollutvalsboka, kapittel 4 «Arbeidet til kontrollutvalet» står dette i eitt av dei åtte punkta i oppsummeringa:

Kontrollutvalssaker er meir enn revisjonssaker. Kontrollutvalet må ta opp saker på eige initiativ og aktivt søkje innspel til saker som utvalet bør handsame.

Det er stor skilnad på kor mange slike ikkje planlagde saker kvart kontrollutval får innspel om, eller tek opp på eige initiativ. I dei største kommunane kjem det flest henvendingar, men også utval i små kommunar er aktive med omsyn til å bringa opp saker. Alle utvala bidreg til at saker som ikkje er lovpålagde vert tekne opp, ofte gjennom at kommunedirektøren vert beden om å gje orientering om eit tema/ei sak. Som regel har sekretariatet dialog med leiar om ei sak skal opp som sak eller meldingssak. Det er kontrollutvalsleiar som avgjer kva saker som skal på saklista.

Etter at FKT i 2022 kom med ein [retteleiar om handtering av henvendingar til kontrollutvalet](#) har alle kontrollutvala vedteke å nytta den, samt vedteke ei lokal retningsline for sakshandsaming av henvendingar basert på denne. Sekretariatet rådgir ofte dei som henvender seg til kontrollutvalet om kva som er rette instans for henvendinga, som til dømes å vise vidare til rette klageinstans.

4.5.5 Evaluering og utviklingsarbeid

I 2022 har alle kontrollutvala arbeidd med oppfølging av ei internevaluering midtvegs i perioden, som sekretariatet gjennomførte i overgangen 2021/2022.

4.5.6 Kurs og fagleg samling

Sekretariatet gjennomførte ei fagleg samling for dei sju kontrollutvalsleiarane 18.1.2022. Denne måtte gjennomførast digitalt på grunn av smittevernrestriksjonar kring covi-19-pandemien.

Sekretariatet bidreg elles med uformell opplæring av kontrollutvala i samband med handsaming av saker i møte.

4.5.7 Publisering av innkalling, sakspapir og protokoll

Oppgåvene til sekretariatet omfattar også arkivering, journalføring og publisering av sakene i kontrollutvalet, møteprotokollar og korrespondanse.

Innkalling med sakspapir vert sendt via e-post med vedlegg i PDF til medlem i kontrollutvalet, ordførar og kommunen sin revisor,⁴ med kopi til vararepresentantar til kontrollutvalet, kommunedirektør, postmottaket, og andre etter avtale med kontrollutvalet (lokalmmedia).

Sekretariatet har ansvar for å opprette eit eige arkiv eller ein eigen arkivdel, som tilfredsstillar krava i arkivlova med forskrifter, for kvart enkelt kontrollutval.⁵

Kontrollutvalssekretariatet arkiverer i saks- og arkivsystemet Acos WebSak+, men har per i dag ikkje eigne arkivdelar for kvart utval, nyttar sakshandsamingssystemet eller har tilgang til møtemodulen i systemet. Sekretariatet publiserer difor ikkje sjølve sakspapira på nett og i politikarportal, men har avtalar med politisk sekretariat i kvar kommune som publiserer møteplan, innkalling og sakspapir i kommunen sitt innsynssystem/politikarportal etter å ha fått dette sendt over frå kontrollutvalssekretær. Det er god dialog mellom sekretariatet og dei som utfører denne oppgåva for kommunane.

For Voss kontrollutval arbeider sekretariatet i eigen arkivdel i Voss herad sitt arkiv, og publiserer møteplan og saker der.

I samband med oppstarta innkjøpsprosess for nytt arkiv- og sakssystem for kommunane i RNI sitt IKT-samarbeid, er det mål om at sekretariatet skal få på plass fullverdig arkiv- og sakshandsamingssystem som også gir tilgang til møtemodul og direkte publisering på nett.

5 Avsluttande kommentarar

Årsmeldinga for 2022 er utarbeida for å gje utfyllande informasjon til eigarar og styret om kontrollutvalssekretariatet sitt arbeid.

Sekretariatet etterstrevar å ha god dialog med ordførarar, kommunedirektør og andre kontaktpersonar i kommuneadministrasjonen, og dei revisjonsselskapa me arbeider med (Vestlandsrevisjon IKS og KPMG).

Sekretariatet vil takke for samarbeidet og god dialog med kontrollutval, kommunestyra, administrasjonane og revisjonane i året som er gått.

⁴ Jamfør [§ 6 i forskrift om kontrollutval og revisjon](#) skal desse ha innkalling til kontrollutvalet sine møte.

⁵ Ansvaret for arkivet skal ikkje liggja til kommunedirektøren fordi sekretariatsfunksjonen ikkje ligg under kommunedirektøren sitt myndeområde.

PROSJEKTPLAN

Investeringsprosjekt;
prosjektering, oppfølging og rapportering



Osterøy kommune, 2023

Bakgrunn

Framlegg til prosjektplan er utarbeidd med grunnlag i bestilling frå kontrollutvalet i Osterøy kommune i sak 54-22 der det vart fatta følgjande vedtak:

VEDTAK

1. Med bakgrunn i vedtaka i heradsstyresakene 105/20 og 107/22, kontrollutvalet si oppfølging av desse og drøftingane i møtet, ynskjer kontrollutvalet å bestille framlegg til prosjektplan for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema «investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering» frå revisor Vestlandsrevisjon IKS.
2. Prosjektplanen, med forslag til problemstillingar, framdriftsplan og timeestimat, skal handsamast i første kontrollutvalsmøtet i 2023.

Vedtaket i kontrollutvalet og prosjektplanen byggjer på «plan for forvaltningsrevisjon» som vart vedteke av kontrollutvalet i Osterøy kommune i sak 63/20 og Heradsstyret i Osterøy i sak 105/20 i samsvar med krava i kommuneloven¹ § 23-3.

Om forvaltningsrevisjon

Definisjonen av forvaltningsrevisjon følgjer av Kommuneloven² § 23-3 første ledd.

§ 23-3. Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Etter kommuneloven § 23-2 første ledd bokstav c skal kontrollutvalet sjå til at

«det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser»

Revisor skal etter kommuneloven § 24-2 gjennomføre forvaltningsrevisjon bestemt i lov eller i medhald av lov.

¹ Lov om kommuner og fylkeskommuner av 22. Juni 2018 nr 83

² Lov om kommuner og fylkeskommuner av 22. Juni 2018 nr 83

Føremål, problemstillingar, og revisjonskriterier

Føremål

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke prosjektering, oppfølging og rapportering knytt til investeringsprosjekt i Osterøy Kommune.

Det er ein generell målsetnad å treffe korrekte avgjersler på korrekt grunnlag. Eit forprosjekt eller prosjektering som ser på ulike løysingar med tilhøyrande kostnadsestimat vil danne eit godt utgangspunkt for å treffe korrekte avgjersler kring løysingsval og vidare for økonomiske prioriteringar på politisk nivå.

Vidare vil prosjektstyring gjennom oppfølging av prosjekta og rapportering av framdrift og ressursbruk gje viktig styringsinformasjon til administrativt og politisk nivå og bidra til ei god økonomisk og politisk styring.

Forvaltningsrevisjonen har eit overordna perspektiv med fokus på kommunen sitt arbeid for å sikre gode beslutningsgrunnlag knytt til investeringsprosjekt, god prosjektstyring og prosjektoppfølgning samt rapportering til politisk nivå.

Problemstillingar

1. I kva grad har kommunen etablert rutinar og praksis (prosjektmodell/investeringsreglement) for styring av tidlegfasen i investeringsprosjekt?
2. Har kommunen system og praksis for oppfølging og rapportering på investeringsprosjekt

Revisjonskriterium

Revisjonskriterium er dei krav, normar og/eller standardar som kommunen skal vurderast opp mot. Kriteria skal vere basert på autorative eller anerkjente kjelder innanfor det reviderte området og skal vere relevante, konkrete og i samsvar med dei krav som kan stillast til kommunen.

Relevante kjelder for revisjonskriterium i samband med forvaltningsrevisjonen «investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering» kan vere:

- Kommuneloven³
- Budsjettering av investeringer og avslutning av investeringsregnskapet⁴
- Kommunale dokument og vedtak
- Litteratur kring prosjektstyring

³ Lov om kommuner og fylkeskommuner av 22. Juni 2018 nr 83

⁴ KRD, Kommunal- og regionaldepartementet, Rettleiar 2011,

Tilnærming og gjennomføring

Metode

Etter kommuneloven § 24-2 andre ledd skal revisor «planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere sitt arbeid i samsvar med lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk»

Vestlandsrevisjon IKS følger «RSK 001 standard for forvaltningsrevisjon»⁵ vedtatt av Norges Kommunerevisorforbund ved gjennomføring av forvaltningsrevisjonar. Standarden definerer god kommunal revisjonsskikk for forvaltningsrevisjon innanfor rammene av kommuneloven og forskrift om kontrollutvalg og revisjon⁶ og er basert på internasjonale prinsipp og standardar fastsett av INTOSAI og IIA.

I samsvar med god kommunal revisjonsskikk vil det bli gjennomført oppstartsmøte med administrasjonen i kommunen. På oppstartsmøtet vil det bli gjort greie for bakgrunnen for forvaltningsrevisjonen, problemstillingar, aktuelle kriterium, informasjonsbehov og gjennomføringa av kontrollen.


Vi vil samle inn data frå ulike kjelder. Det vil bli gjennomført dokumentanalyse og intervju. Alle intervju vil bli verifiserte. Innsamla data vil bli vurdert og analysert for å svare på etablerte revisjonskriterium og problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

Gjennomføring

Oppdragsansvarleg revisor er Ragnhild K. Høyland. Prosjektet er estimert til ca. 400 timar. Prosjektet kan starte opp våren 2023 og vil kunne handsamast av kontrollutvalet hausten 2023.

⁵ Sist oppdatert 12.8.2020.

⁶ Forskrift om kontrollutvalg og revisjon av 17. juni 2019 nr 904.



Årsmelding 2022

Osterøy kontrollutval



Innhald

1	Innleiing	3
2	Rammer for kontrollutvalet sitt arbeid	3
2.1	Reglement	4
3	Økonomi	5
4	Samansetjing av kontrollutvalet	6
5	Sekretariat	6
6	Revisjon	7
7	Aktiviteten i kontrollutvalet i 2022	7
8	Kontrollutvalet sine hovudoppgåver	8
8.1	Rekneskapsrevisjon	8
8.1.1	Årsrekneskap og årsmelding 2021 – kontrollutvalet sin uttale	8
8.1.2	Forenkla etterlevingskontroll med økonomiområdet 2021	8
8.1.3	Andre saker knytt til rekneskapen – «sjå-til-ansvaret»	8
8.2	Forvaltningsrevisjon	9
8.2.1	Forvaltningsrevisjonsrapport: ressurskrevjande helse- og omsorgstenester i Osterøy kommune	11
8.2.2	Prosess for bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt nummer 2 i perioden	11
8.2.3	Tilbakerapportering: oppfølging og tiltak etter forvaltningsrevisjonsrapport om barn og unge 2021	12
8.3	Eigarskapskontroll	13
8.4	Andre saker som vart handsama i 2022	13
8.4.1	Orienteringar frå rådmannen	13
8.4.2	Andre saker frå sekretariatet	14
8.4.3	Henvendingar	14
9	Opplæring, kurs og utviklingsarbeid	15
10	Avsluttande kommentar	16

1 Innleiing

I følgje kommunelova § 23 - 5 skal «kontrollutvalet rapportere resultatane av sitt arbeid til kommunestyret.» Kontrollutvalet gjer dette jamt gjennom året ved å sende over saker som skal til handsaming i heradsstyret og leggje fram møteprotokollar som melding i heradsstyremøta.

Kontrollutvalet si årsmelding er utarbeidd som ei samla tilbakemelding til heradsstyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta og handsama i 2022.

Årsmeldinga skal også gi eit bilde av utvalet si formelle rolle, instruks, forholdet til revisjonen og sekretariatet.

2 Rammer for kontrollutvalet sitt arbeid

Heradsstyret har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal føre løpande kontroll med kommunen si verksemd på heradsstyret sine vegner.

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Ansvar til kontrollutvalet følgjer av kommunelova §23-2 første ledd:

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp»

Kommunens egenkontroll



Kontrollutvalet utøver ei rolle i kommunen sin samla eigenkontroll. Illustrasjon: Regjeringen.no

2.1 Reglement

Kommunelova § 5-13 bestemmer at alle folkevalde organ skal ha eit reglement. Osterøy kommune har vedteke [Politisk styringsstruktur og reglement](#). Dette inneheld eit eige reglement for kontrollutvalet med 8 paragrafar. Reglementet for kontrollutvalet er vedteke i heradsstyret 24.02.2021, sak 021/21.

3 Økonomi

For å utøve funksjonen sin på ein god måte ber kontrollutvalet heradsstyret om økonomiske rammer som gjer den naudsynte aktiviteten for å oppfylle kontrollutvalet sitt mandat mogleg. Kontrollutvalet er etter Forskrift om kontrollutval og revisjon pålagt å utarbeide budsjettforslag for kontrollarbeidet i kommunen.

Kontrollutvalet vedtok framlegg til budsjett for kontrollutvalsarbeidet 2023 i sak 22/22, og sendte dette over til heradsstyret som skal ha dette med seg i si budsjetthandsaming.

3.1 Rekneskap for kontrollarbeidet i 2022

Rekneskap kontroll og revisjon Osterøy	Rekneskap 2022	Vedteke budsjett 2022	Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett	
			2022	Rekneskap 2021
Revisjonskostnader	kr 1 250 814	kr 1 160 000	kr 1 160 000	kr 1 125 476
Sekretariat	kr 97 832	kr 110 000	kr 110 000	kr 97 832
Møtegodtgjersle	kr 83 044	kr 100 000	kr 100 000	kr 86 604
Diverse møteutgifter	kr 5 685	kr 18 000	kr 18 000	kr 1 910
Kontigenter (FKT/faglit.)	kr 0	kr 2 000	kr 2 000	kr 0
Opplæring kontrollutvalet	kr 0	kr 30 000	kr 30 000	kr 0
Diverse	kr 28 483	kr 0	kr 0	kr 31 919
Totalt	kr 1 465 858	kr 1 420 000	kr 1 420 000	kr 1 343 741

Merk: Tala for 2022 er oppgitt før rekneskaper er endeleg ferdigstilt. Rekneskapstalet for den samla kontrollverksemda i kommunen kjem elles fram av kommunen sin samla årsrekneskap for 2022.

4 Samansetjing av kontrollutvalet

Krav til sjølvstende og nøytralitet i kontrollutvalet sitt arbeid fører til at medlemmane i utvalet ikkje kan ha verv som kan komme i konflikt med arbeidet i kontrollutvalet. Difor er det strenge krav for å vere valbar for medlemmane av kontrollutvalet jf. kommunelova §23-1 tredje ledd.

Kontrollutvalet 2019 – 2023 er sett saman av desse medlemmene:

Medlem	Vara
Kato Melchersen (leiar)	1. John Tysse
Margrethe Riple Ådland (nestleiar) Ole Johannes Mjøs Jon Daltveit	1. Roald Åge Kleppe 2. Atle Eide 3. Atle Solberg 4. Anne-Mari Hannisdal 5. Andrea Hartveit
Ann Christin Reigstad	1. Morten Fotland 2. Bente Dammen 3. Ragnhild Balsvik

5 Sekretariat

Kommunelova § 23-7 omhandlar sekretariatsfunksjonen til kontrollutvalet. Sekretariatet skal sjå til at sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk. Sekretariatet skal vere uavhengig av kommunen sin administrasjon og av dei som utfører revisjon for kommunen. Den som utfører sekretariatsoppgåver for kontrollutvalet er direkte underordna kontrollutvalet og skal følgje dei retningslinene og pålegga utvalet gir.

Kommunen er medeigar i Region Nordhordland IKS (RNI), som har sekretariatsfunksjon for Osterøy kontrollutval. Kostnadane for sekretariatet sine tenester vert fordelte etter eigen fordelingsnøkkel. Arbeidsstad for sekretariatet er i RNI sine lokale i Knarvik, Alver. Sekretariatet reiser til kommunen for gjennomføring av møte i kontrollutvalet.

RNI tek i vare sekretariatsoppgåvene for kontrollutvala i seks av eigarkommunane. I inneverande valperiode har selskapet også avtale med Voss herad om sekretariatsfunksjon for Voss kontrollutval. Sekretariatsfunksjonen har til og med 2022 vore rekna til 0,6 årsverk for alle utvala til saman. Tidsbruken har vore nærare eit fullt årsverk. Frå 2023 vert ressursen utvida til å tilsvare ca. eit fullt årsverk, hovudsakleg fordelt på to tilsette.

Sekretariatet er medlem av NKRF (ein fagleg interesseorganisasjon og eit kompetanseorgan for kontroll og revisjon av kommunal/offentleg verksemd) og Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Tilsette knytt til sekretariatet deltek jamleg på aktuelle kurs og konferansar.

Trude Bruket har vore fast utvalssekretær for kommunen i 2022. Arbeid knytt til Osterøy kontrollutval har teke om lag 186 timar i 2022. Arbeidet inkluderer 1/7 av arbeidet som er generelt arbeid knytt til alle kontrollutvala, som kurs, utviklingsarbeid og felles planlegging.

6 Revisjon

Gjennomføring av tilsyns- og kontrolloppgåvene som ligg til kontrollutvalet sitt ansvar vert hovudsakeleg utført av revisjonen. Kapittel 24 i kommunelova omhandlar revisjon. Revisor skal utføre rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og annan kontroll som er lovbestemt eller bestemt med heimel i lova.

Kommunen er medeigar i, og har avtale om levering av revisjonstenester frå Vestlandsrevisjon IKS. Selskapet har ei avdeling i Knarvik (Alver) og ei på Voss, og leverer samtlege lovpålagte revisjonstenester til sine 8 eigarkommunar samt andre kundar i marknaden.

Kostnadene til revisjon er basert på finansieringsmodell vedteke av representantskapet i selskapet. Det er ordførarane i eigarkommunane som utgjør representantskapet. Det er også mogleg å bestille andre prosjekt og oppdrag frå revisjonen.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor og revisjonssjef/dagleg leiar er Janne Eraker. Ragnhild Kartveit Høyland og Arne Gilbakken er oppdragsansvarlege forvaltningsrevisorar.

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at det vert gjennomført revisjon av kommunen og at den vert gjennomført etter gjeldande standard og regelverk. I dette ligg mellom anna at revisor kvart år legg fram eigenvurdering av uavhengigheit, overordna revisjonsplan/revisjonsstrategi og er til stades i møte og orienterer jamleg om arbeidet sitt til kontrollutvalet.

Revisjonsselskapet er medlem av NKRF.

7 Aktiviteten i kontrollutvalet i 2022

Osterøy kontrollutval har hatt fem møte i 2022 og handsama 29 saker (56 saker inklusive formaliasaker, meldingssaker og faste orienteringssaker).

Fire møte har vore haldne i Heradsstyresalen i kommunehuset og eitt møte i bankbygget i Lonevåg. Det er planlagt fem møte i 2023.

Ordførar, rådmann og andre frå administrasjonen har delteke i møte for å orientera i ulike saker som er handsama gjennom året. Revisjonen, i form av oppdragsansvarleg revisor for rekneskapsrevisjon eller forvaltningsrevisjon (eller både), har delteke i alle møta i 2022.

8 Kontrollutvalet sine hovudoppgåver

8.1 Rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegrer, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

I 2022 handsama kontrollutvalet følgjande saker knytt til kommunen sitt rekneskap:

8.1.1 Årsrekneskap og årsmelding 2021 – kontrollutvalet sin uttale

I møtet 31.5.2022, sak 23/22, handsama kontrollutvalet kommunen sitt rekneskap og kommunen si årsmelding for 2021 og vedtok ein uttale til desse som vart sendt til heradsstyret før formannskapet handsama saka.

Kontrollutvalet sin uttale om årsrekneskapen og årsmeldinga er ei er forskriftsfesta oppgåve, jamfør § 3, tredje ledd, i Forskrift om kontrollutval og revisjon.

8.1.2 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiområdet 2021

Det går fram av kommunelova § 24-9 at revisor er pålagt å gjennomføre forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga. Kontrollutvalet skal bli orientert om risikovurderinga og resultatet av kontrollen.

I 2022 handsama kontrollutvalet følgjande saker knytt til forenkla etterlevingskontroll:

- Forenkla etterlevingskontroll for økonomiåret 2021 vart handsama i sak 18/22. Temaet var «betaling for langtidsopphald på sjukeheim.»
- I sak 34/22 fekk kontrollutvalet ei skriftleg tilbakerapportering frå administrasjonen om deira oppfølging av tilrådingane etter forenkla etterlevingskontroll 2020 med tema sjukelønsrefusjonar.
- Revisjonsplanen (sak 33/22) innehaldt informasjon om risikovurderinga for etterlevingskontrollen som skal gjennomførast i 2023.

8.1.3 Andre saker knytt til rekneskapen – «sjå-til-ansvaret»

Kontrollutvalet har, j.f. kommunelova § 23-2, eit «sjå-til-ansvar» ovanfor 1) om rekneskapen vert forsvarleg revidert, og 2) om den økonomiske forvaltninga føregår i samsvar med gjeldande bestemmelsar og vedtak. For å utøve dette «sjå-til-ansvaret» har kontrollutvalet hatt følgjande andre saker knytt til rekneskapen oppe i 2022:

Frå revisor:

- Revisjonsrapport interim 2021 (sak 04/22)
- Stadfesting av revisor si uavhengigheit (sak 32/22)
- Overordna revisjonsstrategi og revisjonsplan (sak 33/22)

Frå kommunedirektøren/administrasjonen:

- Orientering om status for årsrekneskapen 2021 i første møte i 2022 (sak 06/22)
- Tilbakerapportering: Oppfølging av revisor sin rapport om årsrekneskapen 2021, nr. 20. (sak 45/22)

8.2 Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er ei av dei lovpålagte oppgåvene til kontrollutvalet (kommunelova § 23-3), og kontrollutvalet sitt hovudverktøy for å utføre systematiske vurderingar av om kommunen etterlever regelverk, oppnår fastsette mål, og om ressursane vert effektivt forvalta.

Minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter kommunestyret er konstituert, skal det utarbeidast ein plan over kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar innan. Planen skal baserast på risiko- og vesentlegvurderingar av kommunen si verksemd.

Forvaltningsrevisjon skjer etter heradsstyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

I 2022 har kontrollutvalet følgd opp plan for forvaltningsrevisjon gjennom ei rekkje saker.

Plan for forvaltningsrevisjon

I sak 105/20 gjorde heradsstyret følgende vedtak:

Heradsstyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 med følgende prioriterte område:

1. Helse og omsorg; Kriteriar for vedtak og total vedtaksmengd og -utforming samanlikna med samanliknbare kommunar.
2. Investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering
3. Politiske vedtak; vedtaksutforming og oppfølging
4. Barnevern; 1. tidleg innsats og førebyggjande arbeid. 2. Etterleving av forvaltningsreglar i undersøkingssaker.
5. Kvalitet i skulefritidsordninga
6. Varsling, etikk og habilitet

Uprioriterte område:

- Styringssystem for eigedomsforvaltning
- Internkontrollsystem
- Styringssystem for vatn- og avløp
- IKT Nordhordland

Heradsstyret delgerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommunelova § 23-3."

I sak 107/21 gjorde heradsstyret følgende vedtak:

Heradsstyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for 2020-2024 som vedteke i 2020 med følgende endringar:

1. Helse og omsorg; kriteriar for vedtak og total vedtaksmengd og -utforming samanlikna med samanliknbare kommunar
2. Barnevern; saksbehandling etter lov og forskrift
3. Investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering
4. Politiske vedtak; vedtaksutforming og oppfølging
5. Kvalitet i skulefritidsordninga
6. Varsling, etikk og habilitet

Heradsstyret ba om at «Om råd, vert 1. (Helse og omsorg) og 2. prioritet (Barnevern) gjennomført parallelt.»

8.2.1 Forvaltningsrevisjonsrapport: ressurskrevjande helse- og omsorgstenester i Osterøy kommune

Kontrollutvalet fekk rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon med tema ressurskrevjande helse- og omsorgstenester i sak 31/22 i møtet 27.9.2022. Dette var første forvaltningsrevisjonsprosjekt som både var bestilt og gjennomført i inneverande periode.

Kontrollutvalet sendte revisjonsrapporten vidare til heradsstyret med følgende vedtak:

- 1. Kontrollutvalet har handsama rapporten «Ressurskrevjande helse- og omsorgstenester i Osterøy kommune» og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.*
- 2. Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og gjev innstilling til heradsstyret om å be rådmannen*
 - ta stilling til om enkelte born som har vedtak om helse- og omsorgstenester via oppvekst kan få vedtak frå helse- og omsorg med tanke på refusjon for ressurskrevjande tenester.*
 - vurderer om det er hensiktsmessig å innføra ein rutine på tvers av tenesteområda som ser på yngre brukarar med omfattande omsorgsbehov i forhold til kor vedtaka for omsorgstenestene bør vera heimla når brukaren er på skulen o.l. Det kan også vera relevant å sjå på om enkelte vedtak om spesialundervisning bør endrast til omsorgstenester i samband med den årlege evalueringa av individuell opplæringsplan, jamfør tolkningsuttalen til Utdanningsdirektoratet. Formålet er å sikra at spesialundervisning som i praksis kan vise seg å vera omsorgstenester blir vurdert med tanke på tilskotsordninga for kommunen.*
- 3. Kontrollutvalet ber om å få ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane i løpet av vårhalvåret 2023.*

8.2.2 Prosess for bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt nummer 2 i perioden

I samband med bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt nummer 2 i perioden har kontrollutvalet handsama fleire saker i 2022:

05/22 Oppdatert plan for forvaltningsrevisjon – prosjekt 2

Etter heradsstyret sitt vedtak om å oppdatere plan for forvaltningsrevisjon for 2020-2024 i møtet 08.12.2021 (sak 107/21) sette kontrollutvalet saka opp i første møte i 2022. I dette møtet fekk utvalet informasjon frå rådmann Ingvild Hjelmtveit at det skulle gjennomførast tilsyn av Statsforvaltaren med tema «barnevernet - sakshandsaming etter lov og forskrift» 15. – 17. februar 2022. Kontrollutvalet diskuterte og var samrøystes i å avventa å setja i gang prosess med forvaltningsrevisjon med same tema. Kontrollutvalet gjorde følgende vedtak:
Kontrollutvalet ber om å få tilsynsrapporten frå statsforvaltaren når den er klar, og tek opp att saka i neste kontrollutvalsmøte.

19/22 Orientering om rapport, oppfølging og tiltak etter Statsforvaltaren sitt tilsyn i barnevernet.

Saka vart følgd opp med orientering om tilsynet, og tiltak som vart sett i verk som følgje av dette, i neste møte, og kontrollutvalet gjorde følgende vedtak:

1. *Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.*
2. *Kontrollutvalet ser at det er hensiktsmessig å vente med å setje i gong ein forvaltningsrevisjon med tema «Barnevern; saksbehandling etter lov og forskrift» til tiltaka administrasjonen har sett i gong etter tilsynet frå Statsforvaltaren får blitt etablert og sett seg.*
3. *Kontrollutvalet tek opp att plan for forvaltningsrevisjon i neste møte.*

43/22 Orientering om oppfølging og tiltak etter Statsforvaltaren sitt tilsyn i barnevernet

I november fekk igjen kontrollutvalet skriftleg og munnleg orientering om korleis kommunen hadde følgd opp arbeidet etter Statsforvaltaren sitt tilsyn vidare, og gjorde følgande vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen om kva tiltak som er iverksette etter Statsforvaltaren sitt tilsyn med sakshandsaming i barnevernet frå februar 2022, og korleis kommunen har følgd opp dette, til orientering.

44/22 Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 – vidare prosess prosjekt 2.

Etter å ha følgd opp heradsstyret sitt vedtak i sak 107/21 gjennom tre saker i tre møte i 2022 drøfta kontrollutvalet vidare prosess for eit nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt med omsyn til alle temaa i plan for forvaltningsrevisjon. Val av tema var utsett, og det vart sett opp eit ekstra møte for å handsama saka 2.12.2022.

54/22 Plan for forvaltningsrevisjon: bestille prosjektplan ny forvaltningsrevisjon.

I siste møte i 2022 gjorde kontrollutvalet følgande vedtak:

1. *Med bakgrunn ivedtaka i heradsstyresakene 105/20 og 107/22, kontrollutvalet si oppfølging av desse og drøftingane i møtet, ynskjer kontrollutvalet å bestille framlegg til prosjektplan for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema «investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering» frå revisor Vestlandsrevisjon IKS.*
2. *Prosjektplanen, med forslag til problemstillingar, framdriftsplan og timeestimat, skal handsamast i første kontrollutvalsmøtet i 2023.*

8.2.3 Tilbakerapportering: oppfølging og tiltak etter forvaltningsrevisjonsrapport om barn og unge 2021

I følgje forskrift om kontrollutval og revisjon § 6 skal kontrollutvalet sjå til at heradsstyret sitt vedtak om rekneskapsrevisjonar, forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar vert følgd opp, og rapportera til heradsstyret om vedtaket er følgd opp.

Kontrollutvalet fekk ein skriftleg statusrapport om administrasjonen si oppfølging av tiltakspunkt etter forvaltningsrevisjonsrapport om barn og unge frå 2021 i sak 48/21 i november 2021, og vedtok då å få ei ny orientering om oppfølginga hausten 2022. I sak 35/22 følgde kontrollutvalet opp dette og fekk ei ny skriftleg tilbakerapportering om korleis administrasjonen har følgd opp. Kontrollutvalet gjorde då følgande vedtak: *Kontrollutvalet tek saka til orientering.*

8.3 Eigarskapskontroll

Plan for eigarskapskontroll vart handsama med følgande vedtak i heradsstyret i sak 104/20:

Kontrollutvalet innstiller til plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 med følgjande prioriterte område:

1. Osterøy Aktiv AS
2. IKT Nordhordland Kommunalt Oppgåvefelleskap

Uprioritert liste:

- Eigarstyring i Osterøy kommune

Kontrollutvalet innstiller til at heradsstyret delgerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommunelova § 23-4.

Kontrollutvalet er også pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll i kvar periode.

Det vart ikkje gjennomført eigarskapskontroll i 2022.

8.4 Andre saker som vart handsama i 2022

8.4.1 Orienteringar frå rådmannen

I samband med arbeidet til kontrollutvalet vele ein ofte å be administrasjonen om orienteringar. Desse kan vera knytte til dei faste oppgåvene jamfør lov og forskrift, men også andre tema og saker etter ynskje frå kontrollutvalet. Dette kan gje kontrollutvalet eit grunnlag for å vurdere om eit saksfelt er tilstrekkeleg belyst, eller om det er behov for ytterlegare oppfølging og undersøking.

I 2022 handsama kontrollutvalet følgande orienteringssaker frå rådmannen ut over dei som var knytte til forvaltningsrevisjon og rekneskapsrevisjon:

- 36/22 Rådmannen sin internkontroll: Orientering om internkontrollsystem, rutinar og oppfølging
- 46/22 Orientering om tiltaksplan for vedlikehald - om korleis vedtaket i heradstyresak 021/16 er følgd opp.
- Aktuelt i Osterøy kommune – fast bestilling til rådmann og ordførar (ikkje på saklista i siste møte i 2022)

8.4.2 Andre saker frå sekretariatet

- 08/22 Årsmelding for Osterøy kontrollutval 2021
- 09/22 Årsmelding for kontrollutvalssekretariatet i Region Nordhordland (RNI) 2021
- 11/22 og 24/22 Møteplan for 2022
- 21/22 Rekneskap for kontrollutvalsarbeidet 2021
- 55/22 Måloppnåing i kontrollutvalet 2022 – drøfting av ynskt innhald i årsrapport
- 56/22 Møteplan 2023

Faste saker i kvart møte har vore:

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av møteprotokoll
- Meldingssaker
- Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval
- Eventuelt

8.4.3 Henvendingar

Kontrollutvalet mottek også av og til henvendingar frå privatpersonar, organisasjonar, politikarar og andre. Henvendingar sendt til kontrollutvalet vert fortløpande vurdert og lagt fram for kontrollutvalet som vurderer eventuell handsaming.

Sjølv om kontrollutvalet normalt sett ikkje handsamar enkeltsaker, er henvendingar, og handteringa av dei, viktig for kontrollutvalet si tillit i befolkninga.

I 2022 har det kome to henvendingar frå innbyggjarar i Osterøy. Sakene har blitt drøfta med leiar, og har blitt handsama som meldingssaker i kontrollutvalet (16/22 og 29/22).

I sak 30/22 drøfta kontrollutvalet den nye [rettleiaren for henvendingar frå FKT](#) og gjorde vedtak om å nytte denne i arbeidet, og vedtok også ei lokal rutine for sakshandsaming av henvendingar.

Vedtaket i saka var:

1. *Kontrollutvalet ynskjer å nytta «Veileder, Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget» utforma av Forum for Kontroll og Tilsyn (fkt.no) i arbeidet vidare.*
2. *Kontrollutvalet vedtek den framgangsmåten for sakshandsaming av henvendingar som sekretariatet har føreslege i saksframlegget. Denne følg forslaget til framgangsmåte frå FKT sin rettleiar. Alle henvendingar vert avklara med leiar før sekretariatet svarer.*
3. *Kontrollutvalet tek med seg vesentlege poeng frå diskusjonen i møtet i arbeidet sitt vidare. Sekretariatet, i samråd med leiar, føreslår korleis evalueringsarbeidet vert følgd opp vidare i samband med møte.*

Lokal rutine for sakshandsaming av henvendingar er:

- *Sekretariatet gjer ei vurdering av innhaldet i henvendinga. Spørsmåla i «trafikklysmodellen» frå FKT sin «Veilder – Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget, 2022» kan vere eit eigna hjelpemiddel.*

- *Dersom henvendinga openbart er utanfor kontrollutvalet sitt mandat, svarer sekretariatet avsendar og legg henvendinga og svaret fram for kontrollutvalet til orientering. For å ivareta personvern vil sekretariatet frå sak til sak vurdere om heile henvendinga og heile svaret vert lagt ved sakspapir, eller om saka vert kortfatta oppsummert og presentert gjennom ein anonymisert tekst. Inntil sekretariatet får på plass eit betre system for å leggje fram dokument unnateke offentlighet for utvalet vurderer sekretariatet at den siste løysinga ofte er best. Den sikrar openheit også for ålmenta gjennom opne sakspapir.*
- *Henvendingar som ikkje openbart er utanfor kontrollutvalet sitt mandat, drøftar sekretariatet med kontrollutvalet sin leiar som avgjer om henvendinga skal setjast opp som sak på saklista.*
- *For henvendingar som skal på saklista, gjer sekretariatet ei vurdering av innhaldet i henvendinga og kjem med eit forslag til kontrollutvalet om korleis den kan handterast, i tråd med vanleg saksførebuing.*

9 Opplæring, kurs og utviklingsarbeid

I årsskiftet 2021/2022 vart det gjennomført ei eigenevaluering i form av ei digital spørjeundersøking for medlemmene i alle kontrollutvala som RNI har sekretariatoppgåva for. Målet med undersøkinga var å jobba med forbetring og utviklingsarbeid i både utvalet og sekretariatet i 2022.

Kontrollutvalet har følgd opp dette evaluerings- og utviklingsarbeidet i følgjande saker i 2022:

- 10/22 Orientering om resultat av kontrollutvalet si eigenvurdering undervegs i perioden 2019 – 2023.
- 17/22 Oppfølging av kontrollutvalet si eigenvurdering undervegs i perioden 2019 – 2023: tema rolle og samspel med heradsstyret
- 30/22 Handtering av innkomne saker (henvendingar) – rettleiar og drøfting

Kontrollutvalssekretariatet inviterte til ei fagsamling for kontrollutvalsleiarane i regionen 18.1.2022. På grunn av koronarestriksjonar vart denne ei digital samling. Tema var kontrollutvalet sin uttale til årsmelding og årsrekneskapen og drøfting av tema basert på den nyleg gjennomførte internevalueringa. Frå Osterøy deltok nestleiar.

Det har ikkje vore organisert andre opplærings- og kurstilbod i eigen regi frå kontrollutvalssekretariatet i 2022, men gitt informasjon om moglegheiter til å delta på kurs i regi av Vestland fylkeskommune, NKRF og Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT).

Tre medlemmer frå kontrollutvalet har delteke på folkevaldskonferanse retta mot kontrollutvalsmedlemmer i regi av Vestland fylkeskommune 15.-16. februar 2022 på Solstrand.

FKT er ein medlemsorganisasjon for både kontrollutval og sekretariat med kompetanseheving som føremål. Osterøy er per i dag ikkje medlem i FKT.

10 Avsluttande kommentar

Årsmeldinga er ei oppsummering av verksemda i kontrollutvalet i 2022 sett i lys av lovpålagde oppgåver og planar som er lagt. Kontrollutvalet sine saker ligg offentleg tilgjengeleg på kommunen sine heimesider: <http://innsyn.sing.no/osteroy/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Kontrollutvalet sitt arbeid skal bidra til å styrke tilliten til lokaldemokratiet og medverke til å realisere dei overordna måla i kommunen.

Det er viktig at det er god dialog, forståing og ansvars- og oppgåvedeling mellom utvalet, sekretariatet og revisjonen.

Det er også viktig med ein god dialog og eit godt samspel med rådmannen for å sikre god prioritering og planlegging av kontrolloppgåvene.

Kontrollutvalet vil takke for alle orienteringar og god kommunikasjon med administrasjonen, heradsstyret, revisjonen og sekretariatet i året som er gått.